

Informasjonsbrev motteke på e-post 01.november 2018 frå

Olaug Søreide
Seksjonsleiar, helse
Helse og omsorgsetaten
Askevoll kommune

Kontaktprosedyre ved sjukdomsrelatert fråvær frå vidaregåande opplæring

Gjeld elevar som har fastlege i Askvoll.

Eleven sjølv skal ringe til legesenteret og melde frå om sjukdom til legesekretær/sjukepleier som tek telefonen – tlf 57 73 46 00.

Er det medisinsk grunnlag for legetime får eleven legetime same dag. Då kan erklæring bli skriven som ein del av konsultasjonen.

Er det medisinsk grunnlag for fråvær, men ikkje for legetime, vert årsaka til fråværet journalført.

Eleven vert ført opp i timeboka til fastlege, med merknad «skuleattest». Legen sjekkar notatet i løpet av dagen. Om legen finn grunn for å ta inn eleven til legetime eller få meir informasjon, vert eleven kontakta av fastlegen (medisinske årsaker, høgt fråvær eller andre årsaker)

Er det ikkje medisinsk grunnlag for fråværet, er det ikkje grunnlag for legeerklæring.

Om fråværet strekker seg over fleire dagar, må eleven ringe legesenteret og informere om fråværet kvar dag fråværet gjeld, og det vert ført i journal.

Ser eleven mot slutten av semesteret at det er behov for legeerklæring for å dokumentere fråvær, må eleven bestille legetime for dette hos sin fastlege. Fastlegen skriv då ei samla legeerklæring for det fråværet som tidlegare er dokumentert i eleven sin journal. Ikkje-dokumentert fråvær og fråvær utan medisinske årsak kan det ikkje skrivast legeerklæring for.

Kommuneoverlegen